

STEM
NEI

INNHOLD :

GRUPPE 1: Hovudtrekk ved EF.

- 1. Er Noreg sine mål dei same som EF sine mål?**
- 2. EF-medlemskap skaper større sosiale problem.**
- 3. EF er det største trugsmålet mot natur- og miljøverdiane i dag.**
- 4. Lik etableringsrett og utanlandsk kapital.**
- 5. Langt til Oslo — lengre til Brüssel.**
- 6. Følgjene av ein økonomisk union.**
- 7. Den politiske unionen på veg!**
- 8. EF-spørsmålet uavhengig av tryggingspolitikk.**
- 9. EF-medlemskap riv grunnen vekk for eit nært og fruktbart nordisk samarbeid!**
- 10. Kva alternativ har vi til EF-medlemskap?**
- 11. «Dei seksten lands Europa:»**
- 12. Er du i tvil — stem Nei!**

GRUPPE 2: EF og gruppene i samfunnet.

- 13. Kven er motstandarar av EF?**
- 14. Kven er EF-tilhengjarar?**
- 15. Bakgrunnen for at EF ynskjer Noreg som medlem.**
- 16. Litt om arbeidarrørsla og EF-saka.**
- 17. EF og kvinnene.**
- 18. Rusgiftsituasjonen tel og med.**
- 19. Større kløft mellom fattig og rik.**
- 20. Mindre innverknad for lønnstakarane i EF, meir makt til konserna!**

**GRUPPE 3: Økonomi, arbeidsliv
og næringspolitikk. Forsvar.**

21. Eventyret om tollmuren.
22. Høgare matvarereprisar ved EF-medlemskap!
23. Økonomisk vekst.
24. Kapitalrøming ved EF-medlemskap.
25. «Ta del i rasjonell europeisk superproduksjon!»
26. Rentepolitikken og EF.
27. Ikkje tryggare arbeidsplassar ved EF-medlemskap!
28. EF og distriktpolitikken.
29. Skipsfartsinntektene kan verta borte i EF!
30. Olja — eit norsk trumfkort ein ikkje snakkar om.
31. Treforedling: Tryggleik for arbeidstakarane er viktigast.
32. EF og aluminiumsindustrien.
33. Jordbruket og EF.
34. Fiskeria og EF.
35. Fiskerigrensa og råstoffgrunnlaget for fiskeria våre.
36. Kjem Europa-hæren i 1980-åra?

GRUPPE 4: Litt om EF-tilhengjarane sine argument.

37. EF-tilhengjarane samarbeider med utanlandske politikarar i den norske valkampen.
38. Pressekontaktar i trumål og fabrikerte lesarinnlegg.
39. Nedrakking av EF-motstandarar.
40. Eit av hovudargumenta til EF-tilhengjarane.

1. Er Noreg sine mål dei same som EF sine mål?

Ein politikk som set opp bedriftøkonomisk lønsemd og vekst som hovudmål for utviklinga, har vist seg å føra til:

1. Skilnader i inntekter og i sosiale og kulturelle tilbod i ulike regionar.
2. Større arbeidsløyse i nokre område enn i andre.
3. Flytting av menneske frå nokre område til andre.
4. Miljø- og trivselproblem både i utkant og i pressområde.

Denne utviklinga kjenner vi i Noreg i dag. EF-landa har den same utviklinga, berre med den skilnaden at **avfolkinga av utkantområda, folkeflyttinga og tettstadproblema er mykje større innanfor EF enn i Noreg.**

Norsk EF-medlemskap vil seia at vi godtek **Romatraktaten** og prinsippa i han:

- fri arbeidsmarknad
- fri kapitalrørsle
- lik etableringsrett.

Når det gjeld: Arbeidsløyse, fattigdomsproblem, inntektsskildnader, slumpro-

blem, fråflyttingsproblem, pressproblem og ureining, vil vi innanfor EF finna tilhøve som går langt utover det vi til no har vore villige til å godta i Noreg. Likevel er det hovudsaka for EF å gjennomføra «fridomane» i Romatraktaten.

Trur du at desse frie prinsippa vil løysa samfunnsproblema våre i dag og i morgen?

2. EF-medlemskap skaper større sosiale problem.

Fleirtalsinnstillinga var heilt klar i Mork-utvalet, ei arbeidsgruppe som den norske regjeringa sette ned for «å studera EFs sosialpolitikk» og «vurdera sosialpolitiske konsekvensar ved norsk medlemskap» «... man må være forberedt på å møte større sosialpolitiske problemer hvis Norge går inn i EF enn hvis vi blir stående utenfor Fellesskapet».

Regjeringa har av ein eller annan grunn ikkje publisert denne innstillinga, som heller ikkje er brukt i Regjeringa si Stortingsmelding nr. 50. Ein har systematisk freista å bagatellisera og teia i hel innstillinga.

Mork-utvalet fann at den samfunnsutviklinga EF-medlemskap fører med seg særleg vil gå ut over eldre arbeidstakrar, ufaglærde, helsevake og kvinner. Den sterke sentraliseringa og flytting av arbeidstakrar vil føra med seg store problem både for utkantane og for pressområda.

Over 900 fagfolk i helse- og sosialsektor

toren, mellom dei helsedirektør Evang, har slutta seg til eit opprop der dei stør konklusjonane til Mork-utvalet. Sosialminister Odd Højdahl freista å stansa denne aksjonen i sosialdepartementet. Under ordskiftet i Stortinget kalla han dei som hadde skrive under oppropet — hans eigne underordna — for «**SÅKAL-LA FAGFOLK».**

Professor Per Sundby, formann i Arbeidarpartiet sitt sosialpolitiske utval: «EF-medlemskap kan bety et varig ekteskap med konkurrancesamfunnets ofte litt menneskefiendtlige grunntrekk. Derfor tror jeg medlemskap vil skape økende sosiale problemer, og at argumentasjonen om at vi må bli med for å få økonomiske midler til å løse disse problemene, er overfladisk.»

3. EF er det største trugsmålet mot natur- og miljøverdiane i dag.

- EF-systemet er miljømessig (økologisk) sett eit katastrofesystem, skapt og styrt av dei økonomiske kreftene som sterkeast trugar samfunnet.
- EF sine stormaktsdraumar om politisk union kan berre verta gjort verkeleg gjennom ein slik økonomisk vekst som må driva rovdrift på eigne og andre folks naturressursar.
- Dei «4 fridomane» i EF-systemet skundar på avfolkinga av område som er bedriftsøkonomisk «ulønsame», og dei forsterkar miljøforverringa og dei sosiale problema i tettstadene og i storbyane. Kva meiner ein i EF med natur- og miljøvern?

I «Spinelli-rapporten» vert det sagt at:
— Når problema kring ureininga er tekne opp, er det for å hindre at tiltak i dei einskilde landa skal endra konkurranse-tilhøva og hindra handelen mellom landa.
(Appendix A6:)

Det er altså omsynet til næringslivet — og ikkje til menneska sitt livsmiljø — som styrer dei interessene EF har for

ureiningsproblema. I ein situasjon der $\frac{2}{3}$ av folket i verda svelt, går planen inn for:

- tiltak for å auka bruken av tidlegare landbruksområde til andre føremål enn landbruk, og på den måten stetta nye krav (om t.d. «avstressingområde») — (s. 21 i rapporten).

Det fortel også mykje at EF-kommisjonen har freista å hindra Vest-Tyskland i å påby lågare blyinnhald i bensinen.

Mansholts brev til Malfatti.

Her i Noreg vert det gjort eit stort nummer av Mansholt sitt brev til Malfatti— der han snakkar om andre livsverdiar enn økonomisk vekst. Det vert ikkje snakka om at Mansholt har fått kraftige motreaksjonar frå mektige krefter innan EF-kommisjonen. M.a. har det kome skarpe åtvaringar frå visepresidenten Raymond Barre (økonomi, finansar, pengopolitikk), Altiro Spinelli (industri, miljøvern) og Albert Coppé (sosial politikk). Aftenposten hadde nok rett då dei tidlegare kalla Mansholt sitt brev «idealisk høytenkning.» Dette er EF-tilhengjara-ne sitt «hovudprov» på at EF går inn for miljøvern.

4. Lik etableringsrett og utanlandsk kapital.

Lik etableringsrett er eit av grunnprinsippa i Romatraktaten. Dette inneber at nordmenn og innbyggjarar i EF-land skal stillast likt når det gjeld høve til å investera i fast eigedom eller starta forretningsverksemd. (Romatraktaten art. 52 og 59.) Dei einskilde landa kan avgrense dette t. d. ved å krevja konsesjon eller løyve, men vilkåra må ikkje vera diskriminerande overfor utlendingar. EF-tilhengjarar freistar å dekkja over dette ved å lata som om EF-motstandarane påstår at konsejsjonslovene må opphevast, noko som er feil.

Den like etableringsretten vil krevja omfattande endringar av den norske konsejsjonslovgjevinga. Meininga med konsejsjonslovene var nettopp å gje føremoner for norske borgarar til å bruka norske ressursar. Av dei føresegne som truleg må endrast, kan ein nemna dei som set særvilkår m. a. om norsk statsborgarskap, norsk styre, heilt norsk grunnkapital, forrett for norsk arbeid, trygding av materiell, forrett for innanlandske næ-

ringsdrivande til å kjøpa råvarer, særreglar om kjøp av aksjar i norske verksemder for utlendingar. (St.meld. nr. 90, 1970/71.)

Oppkjøp av hyttetomter. På dette området er ekspertane usamde. EF-tilhengjaren Fridtjof Frank Gundersen hevdar at den like etableringsretten også må gjelda hyttetomter, då «rekreasjon er ein vesentleg føresetnad for ein effektiv økonomisk innsats». Gundersen hevdar vidare at dette er det vanlege synet mellom ekspertane i EF, og at Noreg vil tapa ei eventuell rettsak dersom vi held fast på Marknadsutvalet sitt syn — at hyttetomtkjøp ikkje er mellom dei områda som er dekte av Romatraktaten.

NB! Det er heilt klart at når det gjeld oppkjøp av hyttetomter til motell, utleigehytte-byar o. l., må utlendingar stillast på lik line med nordmenn. **Dette er næringssverksemd.**

5. Langt til Oslo — lengre til Brüssel.

Medlemskap i EF vil seia ei styrking av samarbeidet på topp-planet og tilsvarende svekking av høvet til å øva kontroll med og ha makt over sin eigen situasjon for vanlege folk.

Overføring av makt frå den norske staten til EF vil seia

- at ansvarstilhøva vert uklårare
- at vedtak som kjem indre norske tilhøve ved, vert tekne i Brüssel.

I Ministerrådet vil Noreg få 3 av 61 røyster.

I Kommisjonen vil vi få 1 av 14 medlemmer.

I Forsamlinga vil vi få 10 av 208 plassar.

Ingen av EF-organa står under beinveges folkevald kontroll. Spesielt Kommisjonen har — som ekspertorgan — svært stor makt. Han er bygd opp som eit omfattande byråkrati som arbeider i samsvar med «fridomane» i Romatraktaten.

Går vi inn i EF, aukar fråstanden mel-

lom dei som styrer og dei som vert styrde.
Tenk over det sjølv:

Får du større kontroll over din eigen kvardag når dei viktigaste avgjerdene vert tekne av få personar i Brüssel?

Vil du kunne reisa til Brüssel og leggja fram **dine** problem?

Trur du at EF-ekspertane vil skjøna seg på **dine** vanskar?

6. Følgjene av ein økonomisk union.

Vedtak i Ministerrådet 22. mars 1971:
Den økonomiske og monetære (penge)-unionen skal gjennomførast over ein 10-årsperiode. **Skånlandutvalet**, regjeringa si eiga arbeidsgruppe slår fast at det er realistisk å rekna med at den økonomiske og monetære unionen vert gjennomført etter dei planane som ligg føre, endå om det vil kunne ta meir enn 10 år å gjennomføra dei. (Kap. V Skånlandutvalet.)

Skånlandutvalet viser at gjennomføringa av unionen vil føra til at sentrale deler av den økonomiske politikken vår vil verta fastlagd på fellesskapsplan. Dette gjeld t. d. penge- og kredittpolitikken, rentepolitikken, skatte- og avgiftspolitikken og budsjettetpolitikken. Medlemslanda sin råderett vil verta tilsvarende redusert.

For å gjennomføra den økonomiske-politikken som har ført til auka velstand og full sysselsetjing i Noreg, har ein måttat nytta ei rekke verkemiddel. Desse verke-midla er m. a. kontroll med kapital- og arbeidsmarknaden, kontroll med rentenivået, toll- og mengdereguleringar, sub-

sidierung av verksemder av omsyn til sysselsetjinga. Desse verkemidla vil vi ikkje lenger ha herredøme over ved eit EF-medlemskap.

Den økonomiske politikken vil på Felles-skapsplanet verta fastlagt på grunnlag av dei prinsippa som kjem til uttrykk i Romatraktaten, Wernerplanen, Mansholts jordbruksplan og andre sentrale prinsipp-dokument i EF.

Det britiske arbeidarpartiet har klar forståing av kva EF-unionen vil ha å seia for arbeidsplassane:

«... vi vil forkasta kvar einaste internasjonal avtale som tvingar oss til å godta auka arbeidsløyse for å halde oppe ein fast valuta-(paritet), slik framlegg til EF's økonomiske og monetære union forlangar. Vi trur at dei europeiske landa sine valutaproblem berre kan løysast innafør ramma av ei verdsomfattande ordning.» (Det engelske arbeiderparti (Labour Party) «Programme for Britain», s. XV, sommaren 1972.)

Dette har ikkje leiinga i Arbeidarpartiet fortalt veljarane sine.

7. Den politiske unionen på veg!

Davignon-Rapporten — EF's målsetjing:
«Europa skal tala med ei røyst.»

Den økonomiske og monetære (penge)-unionen, slik han vart skissert i Werner-rapporten, vart vedteken gjennomført av Ministerrådet 22. mars 1971.

Ein økonomisk union må vi nødvendigvis sjå i samanheng med utviklinga av ein politisk union: Ei rekke utsegner frå framst  ande EF-politikarar stadfester dette: Sicco Mansholt: «Felleskapet er no p   full fart mot ein politisk og monet  r union.»

Noreg har godteke dei politiske målsetjingane i EF-traktaten: ved utanriksminister Stray si fr  segn 22. september 1970 og utanriksminister Cappelen si fr  segn 30. mars 1971: . . . «at man fra norsk side aksepterer Fellesskapenes traktater og deres politiske m  lsetting, de vedtak som er truffet etter traktatens ikrafttreden og vedtatte retningslinjer for Felleskapets fremtidige utvikling».

Walter Hallstein — «Fellesmarknadens

far» —: . . . «Kommisjonen steller seg sjølvsagt svært positiv til all utviding av den europeiske einskapen til å omfatta ikkje berre den økonomiske politikken og sosialpolitikken, men også forsvars politikken, utanrikspolitikken i det heile og kulturpolitikken.» (I boka EF og det nye Europa.)

Kven kjem til å forma denne felles politikken?

Vert det sveisaren på Nyland, vert det juksafiskaren på Karlsøy, vert det småbrukaren i Østerdalen, utanriksminister Cappelen eller stortingsmann Willoch? Er det ikkje meir sannsynleg at det vert Georges Pompidou, Edward Heath og etter valet i haust, kanskje Franz Josef Strauss.

8. EF-spørsmålet uavhengig av tryggjingspolitikk.

Tryggjingspolitiske skremsler vart henta fram av nokre tilhengjarar i det siste stortingsordskiftet om EF. «Noreg kjem i drift mot aust dersom vi ikkje kjem med.»

Kommentar: Det er lett å visa kor hold denne argumentasjonen verkar ved nokre sitat frå tilhengjarane sine eigne leiarar.

Utanriksminister Cappelen: «Norge går ikke inn hvis ikke Danmark gjør det.» Dette tyder at dei danske veljarane i realiteten kan avgjera norsk medlemskap. Dersom det hadde vore fnugg av sanning i påstanden om at Noreg kjem i drift, er det klart at Cappelen ville ha gått inn i EF, same kva Danmark gjer!

Statsminister Trygve Bratteli: . . . «ingen grunn til å trekke noen direkte sammenheng mellom sikkerhetspolitikken og de spørsmål vi nå har til behandling (EF-saka).» (Utanriksordskiftet 21. januar 1972.)

Reidar Carlsen — formann i «Ja til EF»:

«Dette argumentet (om at vi må inn i EF av tryggingspolitiske grunnar) vil jeg karakterisere som det rene tøv!» (Intervju i Dagbladet.)

Påstanden om at Noreg kjem i drift der som vi vert ståande utanfor EF, fell altså på at han er for urimeleg.

Stortingsmelding nr. 50 — Regjeringa si samla vurdering av Noregs tilhøve til EF — legg i det heile inga vekt på dei tryggingspolitiske sidene av EF-saka. Det er først i den aller siste tida at enkelte Jafolk i desperasjon har teke til å skremma med tryggingspolitiske skrømt!

9. EF-medlemskap riv grunnen vekk for eit nært og fruktbart nordisk samarbeid!

**Finlands president, Kekkonen: ... «Der-
som Danmark og Noreg går inn som
medlemer i EF, er det vanskeleg å sjå
kva føresetnader som finst for å halda
fram det økonomiske samarbeidet i Nor-
den.**

**Men dersom Danmark og Noreg vert
ståande utanfor EF, trur eg at ein kan
finna ei høveleg form for det økonomis-
ke samarbeidet mellom dei nordiske lan-
da. Det grunnleggjande arbeidet som
vart gjort i samband med Nordøk, kun-
ne i så fall vera til stor nytte.» (Intervju
i Dagens Nyheter, 21. mai 1972.)**

**Formannen i EFs ministerråd, italiena-
ren Aldo Moro: ... «Når den danske
delegasjonsleiaren viser til at det nordis-
ke samarbeidet bør halda fram og utvik-
last om ein vert medlem av EF, ønskjer
Felleskapet å presisera at når ein sluttar
seg til EF, inneber dette at ingen traktat
kan stå i strid med utviklinga av det
som vert gjennomført i Fellesskapet.» (9.**

november 1971.)

Sverige, Island og Finland vert ikkje medlemer i EF! Det er difor uråd å koma unna at norsk og dansk medlemskap vil føra til kløyving i Norden.

Dette kan vi hindra ved å røysta nei! Den norske folkerøystinga skal haldast ei veke før den danske. Eit norsk nei vil kunne påverka danskane òg til å velja det nordiske samarbeidet.

10. Kva alternativ har vi til EF-medlemskap?

Det er tre aktuelle alternativ til fullt medlemskap:

1. Ei frihandelsavtale
2. Ei anna form for handelsavtale
3. Ingen avtale med EF i det heile — slik det har vore frå EF vart skipa og til i dag.

1. Frihandelsavtale-alternativet

På bakgrunn av det EF har tilbode Sverige, kan vi alt i dag seia kva frihandelsalternativet vil innebera:

Prinsipielt får vi ei fullstendig nedskjering av tollen over $4\frac{1}{2}$ år for alle industrivarer. Dette er den same tida for nedskjering som ved medlemskap.

Unnateke frå dette prinsippet er visse varer der perioden for tollnedskjering vert noko lengre:

Gruppe 1: M.a. tekstilfibrar, ferrolegeringar, aluminium og sink, der ein har gjort framlegg om 2 år lengre nedskjeringstid enn ved fullt medlemskap.

Gruppe 2: M.a. papir og papp der tollen skal skjerast ned over eit tidsrom som er

6 år lengre enn ved full medlemskap. Leiande økonomar har rekna ut at tollauken ved eit slikt alternativ vil verta ca. 55 mill. kr. om året i vel ti år framover. Dette er ein svært låg sum. (20 kr. pr. nordmann pr. år.)

2. Dersom vi får ein annan, meir avgrensa handelsavtale vil eksporten vår til det utvida EF få betre vilkår enn nokon gong tidlegare.

3. Ingen avtale med EF i det heile vil seia det same tilhøvet for handelen med EF som i dag, i og med at det ikkje skal koma nye tollmurar mellom gamle EFTA-land.

Viktigast er det likevel at ved alle desse alternativa vil det vera opp til våre eigne politiske styresmakter å avgjera den økonomiske politikken. Vi vil kunna brukar dei politiske og økonomiske verkemidla vi finn naudsynte. Ved medlemskap misser vi ei rekkje av desse verkemidla som følgje av «fridomane» i Romatraktaten.

11. «Dei seksten lands Europa.»

Etter at Sverige har fått i land frihandelsavtalen med EF, er desse påstandane reiste i Noreg:

- Dersom Noreg ikkje kjem med som full medlem, vil svenskane misse avtalen sin og få vesentleg dårlegare vilkår.
- Dersom Noreg avviser medlemskap, vil vi ikkje oppnå ein tilsvarande frihandelsavtale. Vonbrotet og irritasjonen mot Noreg vil vere så stor i EF-landa at dei vil «hemne» seg når spørsmålet om ein handelsavtale med Noreg kjem opp.

Representantar for Brüssel har støtta opp under denne dramatiske spesialargumentasjonen som har vorte nødvendig i kampen om dei norske veljarane. Vi ser ikkje det minste teikn til ein slik tenkjemåte i det pålitelege aviser i EF-landa fortel lesarane sine om spørsmålet. Brüssel-korrespondenten til den særleg vèlinformerte Paris-avisa «Le Monde» ser ikkje spor av den fara som skulle hengje over frihandelsavtala med Sverige, og heller ikkje av ei slags krigsstemning, som altså skulle ligge latent i EF mot dei som avviser medlemskap.

Tvert i mot. Typisk er leiarkommentaren i same avisa då frihandelsavtala med Sverige og dei andre EFTA-land vart underskrive: «Ikkje noko er meir meiningslaust og farleg for Europa enn at økonomien i dei EFTA-landa som blir ståande utanfor blir gjort veikare» (Le Monde 23.—24. juli 1972).

Tittelen på denne leiaren var: «Dei seks-ten lands Europa.» Her er det ikkje tale om dramatisk og motsetningsfylt oppde-ling i to i Vest-Europa, men om eit Vest-Europa som samarbeider når det gjeld felles økonomisk framgang, medan dei politiske ynskjå til kvart land blir respek-terte.

12. Er du i tvil — stem Nei!

Dei som på valdagen framleis er usikre på kva som er rett — å la Noreg gå opp i EF eller ikkje — dei bør røysta «Nei»!

For det første:

Formannen i EF-kommisjonen, Mans-holt, har sagt at han trur Sverige vert medlem om ikkje så mange år. Det syner at det er råd å sokja om medlemskap seinare. Vi kan venta og sjå om det går så dårlig med eit sjølvstendig Noreg som EF-tilhengjarane spår. (Sist, i 1961—62, spådde dei og ulukker for landet, men det gjekk bra — som alle veit.)

Når EF-tilhengjarane seier at EF vil straffa oss med ei dårlig avtale dersom vi ikkje røystar «ja», kan vi ta det med ro. Slike utsegner er tinga for den norske valkampen, og vert ikkje tekne opp att i ordskiftet ute i Europa. (Sjå Le Monde 23. og 24. juli 1972.)

For det andre:

Vi kan ikkje melda oss ut, dersom vi først er blitt medlem.

Romatraktaten inneheld ingen føresegner om utmelding.

Det er uforståeleg at stortingsrepresentant K. J. Brommeland i eit innlegg i Aftenposten 26. juli 1972 seier at Noreg kan gå ut, — og at han dermed feilinformerer folket i ei så viktig sak. Kanskje kan eit stort land, t.d. Storbritannia, gå ut. Noreg kan det ikkje.

Sicco Mansholt uttala seg om dette på ein pressekonferanse i Oslo nyleg: «Spørsmålet om Norge etter eventuelt noen års medlemskap kan forlate EF, fant Mansholt helt teoretisk fordi EF ikke kan brytes opp på grunn av f. eks. den økonomiske integrasjon.» (Aftenposten 30. juni 1972.)

Statsminister Trygve Bratteli vedgjekk i radioprogrammet «Marknadsposten» 15. april 1972 at det måtte revolusjon til for å koma ut av EF.

Altså: Røystar du «ja», bind du Noreg for alltid. Røystar du «nei», kan du tenkja deg om — og kanskje du meiner noko anna om nokre år.

13. Kven er motstandarar av EF?

Nokre påstår at det er uansvarlege ekstremistar som er EF-motstandarar. Men: Heile tida har meiningsmålingane synt at fleirtalet av dei som har teke standpunkt er mot full medlemskap.

Politiske parti: Kr. f., Venstre, SP, SF og NKP har alle landsmøtevedtak **mot medlemskap**.

Ungdomsorganisasjonar: Alle dei politiske ungdomsorganisasjonane unnateke Unge Høgre går **mot medlemskap**. Dessutan ei rekke andre store ungdomsorganisasjonar som Norges Bygdeungdomslag, Norsk Målungdom, Noregs Ungdomslag og Norges Godtemplar Ungdomsforbund.

Fagrørsle: Fleire hundre bedriftsklubbar, avdelingar og samorganisasjonar går **mot EF**, m.a. Oslo Faglige Samorganisasjon (største samorganisasjonen i landet), Jern- og Metallarbeiderforbundet (største forbundet i landet), Arbeidsmannsforbundet, Grafisk og Sosionomforbundet.

Næringsorganisasjonar: Bondelaget (92,4

% motstand ved urnerøysting), Bonde- og Småbrukarlaget (70 røyster mot, 10 for og ei blank på landsmøtet) og Fiskarlaget (samrøystes landsstyre kunne ikkje gå inn for tingingsresultatet).

Ungdom i utdanning: Yrkesskuleelevarane og lærlingane (53% mot, 22% for, 25% veit ikkje ved landsomfattande urnerøysting). Gymnasiastane (51% nei, 27% ja, 22% veit ikkje ved urnerøysting). Studentane (70,8% nei, 25% ja, 4% veit ikkje ved urnerøysting).

Arbeidarar, fiskarar, småbrukarar og bønder, funksjonærar, ungdom i utdanning og også sjølvstendig næringsdrivande samlar seg i **Folkerørsla** — den største norske tverrpolitiske masserørsle i etterkrigstida. Du står saman med meiningsfreender i alle lag av folket i din motstand mot EF.

14. Kven er EF-tilhengjarar?

Meiningsmålingane syner at det er EF-tilhengjarar i alle parti og grupper, men og at dei er svært ujamt fordelt. Målingane for juni viser t.d. overvekt av tilhengjarar mellom folk som bur nær Oslo, som har høg inntekt, som har høg utdanning, som er funksjonærar. (FAKTA og Gallup gjer svært ulike tal for Arbeiderparti-veljarane.) Mellom Høgre-veljarane er 85% for og 15% mot EF.

Elles er det overvekt av motstandarar i folket, og heller ikkje i dei nemnde gruppene er overvekta stor — utanom i Høgre. Eit klårare biletet får vi ved å sjå på dei mektige gruppene som leier EF-tilhengjarane.

Dei som har makta i næringslivet:

Dei som først støtta Bratteli sitt tingingsresultat var: Norsk Arbeidsgiverforening, Den norske Bankforening, Norges Forsikringsselskapers Forbund, Norges Eksportråd, Norsk Rederforbund. Banksjef Melander i Den norske Creditbank har sagt at det ikkje skal stå på midlar i kampen for å få det norske folket til å

røyste «Ja».

Politikarar:

I Arbeiderparitet arbeider særleg toppleiringa hardt **for** medlemskap — mot ein sterk opposisjon. Høgre er **for** EF. Regjering og Storting har gjeve EF-tilhengjarane meir enn 3 gonger så mykje pengar som EF-motstandarane til valkampen.

Landsorganisasjonen:

LO-formannen Tor Aspengren har ikkje våga å skipa til røysting mellom medlemene. Etter den ekstraordinære kongressen sa han m.a.: «Jeg ville juge hvis jeg hevdet at avstemningsresultatet på kongressen er representativt for LO-medlemmenes syn.»

Embetsmenn:

I toppskiktet mellom embetsmennene — særleg i Utanriksdepartementet — er der mange tilhengjarar. Dette syner at kampen om EF-medlemskap er ein kamp mellom pengerørsle og folkerørsle.

15. Bakgrunnen for at EF ynskjer Noreg som medlem.

EF-tilhengjarane omtalar forhandlingsresultatet i Brussel som «ei utstrekkt hand» frå Europa. Vi får høyre mykje om kva «den utstrekte handa» vil gje Noreg, lite om kva ho er interessert i å ta.

Noreg er eit lite land, men på mange måtar rikt, med høg levestandard. Og Noreg har ressursar som EF-landa og storfinansen deira gjerne vil «dele» med oss:

- Noreg har nokre av dei rikaste fiskefarvatna i verda.
- Noreg forsyner EF med viktige metallar som titan, mangan, magnesium og aluminium.
- Noreg har store naturområde som kan nyttast av den storkapitalen som vi finn i «fritids-industrien» i EF.
- Noreg kan tene som «avstressingsområde» slik føresetnaden er i Spinelli-rapporten.
- Noreg er ein marknad for industrivarene i EF.
- Noreg har framfor alt olje som er av stor verdi for EF, både når det gjeld

trygg forsyning, oljeprisnivået og som investeringsobjekt for storfinansen. EF-landa må innføre 61% av det totale energiforbruket.

For Noreg er det viktig å halde desse ressursane under vår eigen kontroll, ikkje minst for å hindre at utanlandske storfinans skal drive rovdrift på norske ressursar.

Det er ikkje av gåvmilde at EF tilbyr medlemskap. Det er god forretning. Seier Noreg «nei» til fullt medlemskap i EF, er det framleis god forretning for EF å gjere ein handelsavtale med oss.

EF vil neppe la ein slik «god forretning» gå frå seg, og vi vil ikkje stå veikt under forhandlingane. Men sjølvsagt lønner det seg best for EF å få skremt oss til å røyste «ja». Derfor er så mange politikarar frå EF-landa med på å hjelpe EF-tilhengjarane i Noreg i valkampen før folkerøystinga.

16. Litt om arbeidarrørsla og EF-saka.

Partileiinga i Arbeiderpartiet nyttar lønna tillitsmenn til å seia at regjeringa vil gå av dersom folket seier «nei» til EF-medlemskap ved folkerøystinga. Statsminister Bratteli let dette skje, og vil sjølv ikkje fortelje folket kva han har tenkt seg til å gjere — førebels.

Mykje talar for at «kabinettpørsmålet» frå Bratteli skal vere ein av slutteffektane i valkampen. Medlemene i Arbeidarpartiet skal takast på senga med ei høgitdeleg fråsegn om at Bratteli vil gå av dersom veljarane ikkje gjer det som EF-tilhengjarane vil og røystar «ja».

Då kan det vere godt å hugse noko av det tidlegare statsminister Einar Gerhardsen (sjølv EF-tilhengjar) har sagt: «Det er Stortinget som har bedt om folkets råd i denne saken . . .» «Hvis vi ikke hadde hatt noen motstandere innenfor Arbeiderpartiet, burde vi skaffet oss noen.»

Det er også grunn til å minne om at partiformannen i Høgre, Kåre Willoch har sagt at dersom vi kjem inn i EF, då kan det bli grunnlag for ei ny regjering

utan Arbeidarparitet. Det same er også sagt ope i høgreavisa Morgenbladet. Høgre set i det heile si lit til at leiinga i Arbeiderpartiet og LO skal gjere hovudarbeidet for dei, noko som m.a. går klart fram av avsløringar frå det interne «strategionatet» til Høgre. Formannen i LO, Tor Aspengren, støttar på si side leiarane i storbedriftene når dei trugar med å byggje ut verksemndene sine i utlandet. «Jeg synes ikke disse tendenser i og for seg er kritikkverdige, hvis iverksettelsen først skjer når det er avgjort at Norge ikke kommer med.» (LO-informasjon om EF, nr. 1.) Skal ikkje LO først og fremst forsvare norske arbeidsplassar heller enn slike norske bedriftsleiarar? I EF kan ikkje LO hindre «disse tendenser».

17. EF og kvinnene.

EF-systemet skapar store sosiale problem. Også kvinnene får merka dette. Fri arbeidsmarknad, fri kapitalrørsle osb. fører med seg konsentrasjon, fråflytting og sentralisering.

I fråflytingsområda har kvinnene svært vanskeleg for å få arbeid. Mannen pendlar til sentra. Dette fører m.a. med seg at

- kvinnene får åleine ansvar for oppsedinga. I Italia vert dei kalla «kvite enkjer». Dei vert åleine i eit miljø der menneska er vortne «til overs».
- fullt arbeidsføre menneske treng sosialomsorg p.g.a. mangel på arbeidsplassar.
- helseteneste (t.d. fødestove) og andre service-tilbod vert borte etter kvart.

I pressområda: Kvinnene har høve til å få arbeid, men dei er ofte mellom dei som er lågast betalte.

- kvinnene skal sørja for at huslyden tilpassar seg det nye livet, samstundes med at dei gjerne har dobbeltarbeid for å kunna finansiera dyre bustader
- dersom kvinnene går heime, endå om

der er arbeid å få, er det ofte avdi det er mangel på dagheimplassar for borna

- auka levekostnader — utgifter til bustad og matvarer — vil merkast sterkt når ho som husmor skal freista å få hushaldspengane til å strekkja til.

Desse tendensane og problema kjenner vi frå vårt eige land i dag. Våre problem, t.d. ungdomskriminalitet og narkotikamisbruk i drabantbyane, er likevel «barnemat» i høve til dei problema ein finn innanfor EF. **«Fridomane» i EF løyser ikkje desse problema.** Tvert om vil dei gjera seg sterkare gjeldande p.g.a. den hardhendte rasjonaliseringa, effektiviseringsa og sentraliseringa.

18. Rusgiftsituasjonen tel og med.

Den økonomiske politikken i EF fører til avfolking av utkantane, og at altfor mykje folk vert samla i pressområda. Dermed skaper EF-utviklinga sosiale problem. Regjeringa sitt eige Mork-utval strekar under dette i si fleirtalsinnstilling.

Eit norsk medlemskap i EF vil styrkja slike økonomiske, sosiale og miljømessige mishøve som fører til auka rusgiftskader.

Eit hovudprinsipp i norsk alkoholpolitikk har vore å avgrensa totalforbruket av alkohol. Den edruskapspolitiske lina vår har særleg hatt sosialpolitiske grunnar. I EF er det handelspolitiske, næringsøkonomiske interesser som dominerer også i alkoholpolitiske spørsmål.

Vinmonopolet, tiltaka mot alkoholrekla-
me, føresegnene om aldersgrense for å
verna mindreårige, avgiftene og regule-
ring av sal og skjenking er døme på
verkemiddel som har avgrensa skade-
verknadene av alkoholen i Noreg. Innan-
for EF er det uklårt om vi fullt ut kan
halda på desse verkemidla, og det er
tvilsamt om vi i lengda kan bruka dei

effektivt for å hindra forbruk av varer som dei noverande EF-landa er interesserte i å selja.

EF styrkjer rusgift-kapitalen.

Verksemder frå alle medlemslanda i EF skal stillast likt. Vi må rekna med at utanlandske bryggeri snart vil freista å koma inn på den norske marknaden, og gjennom ulike marknadsføringstiltak leggja press på forbrukarane til å kjøpa meir alkohol. Innanfor ramma av EF-avtala får utanlandsk alkohol-kapital også høve til å leggja press på norske styresmakter med å visa til prinsippet om ikkje-diskriminering.

I tillegg til det alkoholkapitalen vil gjera for å selja meir alkohol, er det også fare for at tilgangen på andre rusgifter kan auka. Dersom det statlege monopolet vårt for lækjemiddel skulle koma i fare, risikerer vi å få marknadsført langt fleire farlege preparat enn i dag.

Ved å røysta Nei! er du med å halde oppe norsk sjølvråderett i rusgiftspørsmål.

19. Større kløft mellom fattig og rik.

Prinsippa i Romatraktaten om fri arbeidsmarknad, fri kapitalrørsle og lik etableringsrett har synt seg å føra til konsentrasjon og sentralisering.

Verksemder vert flytta til stader der dei løner seg betre, dei vert kjøpt opp av dei store eller slår seg saman i større eininger osb. for å greia seg i tevlinga.

Dette fører med seg pressproblem i byane og tilsvarende avfolgingsproblem i fråflyttingsområda.

I ein rapport frå **Kommisjonen** går det fram at

- industriområda samlar stadig fleire menneske. I det nordvestlege område av EF, der dei viktigaste industristadene ligg (innanfor ein fråstand på ca. 300 km frå Køln), bur no over 30% av heile folkesetnaden i EF.
- skilnaden i inntekter mellom fattige og rike område i EF-landa auka i 1960-åra.

Lågtlønsproblem har vi også i Noreg.

Samanlikna med EF er likevel problema våre små. I Noreg ligg løna til ein generaldirektør (offentleg tilsett) i medel 4 gonger over løna til eit postbod. I EF ligg generaldirektørløna 7—8 gonger høgare enn postboden si løn.

I det private næringslivet er lønsskilnade minst like markerte. Slik EF-systemet verkar, vil ikkje slike lønsskilnader verta mindre. Dei vil tvert om verta større.

20. Mindre innverknad for lønnstakarane i EF, meir makt til konserna!

Det einaste EF-organet fagrørsla er representert i, er den økonomiske og sosiale komiteen. Denne komiteen har berre rådgjevande makt. Fagrørsla har berre $\frac{1}{3}$ av komitemedlemene. Medlemene vert ikkje valde, men peika ut ovanfrå. Komiteen har ikkje høve til å fastsetja sin eigen dagsorden.

Generalsekretären i FTGB — det belgiske LO — seier om dei problema medlemskap i EF førde med seg: . . . «Den politiske makta vert flytta — men utan demokratiske reglar. Ministerrådet tek avgjerder på det overnasjonale planet, men den demokratiske kontrollen manglar» . . . «Konsentrasjon utviklar seg for konsentrasjonen si eiga skuld. Dei verna interessene til pengemakta går føre arbeidarane sine interesser» . . . «På det nasjonale planet har den faglege kampen oppnådd ei viss avgrensing av næringslivet og kapitalen si makt, men dei europeiske institusjonane neglisjerer fagrørs-

la.» (FTGBs landsmøte 1971.)

Systemet i EF fører med seg konsentrasjon av økonomisk og politisk makt. Den frie arbeidsmarknaden svekkjer lønstakarane si stilling i høve til arbeidsgjevarane. Dei store multinasjonale konserna vert favoriserte.

Heinz Seeger, tysk fagforeiningsmann:
... «EF er inne i ein regelrett fusjonsfeber» ... «nye mektige konserngrupper vert til, og det går langt utover all storleiksordenen som vi til no har kjent til.»

I ein rapport i tidsskriftet **der Spiegel** (i februar 1972) går det fram at etter omfattande fusjonar og monopolisering ... «vert Tysklands økonomi kontrollert av 600 personar — direktørane i superfirmaene».

21. Eventyret om tollmuren.

EF-tilhengjarane skremmer med økonomisk isolasjon bak tollmurar dersom vi ikkje vert medlem.

I vekeblad-propagandaen til **Europavegelsen** skremmer dei med at eksporten vår til England kjem i fare dersom vi ikkje vert medlem av EF.

Sanninga er at: Ministerrådet i desember 1969 og i november 1970 vedtok at: «ei utviding av Fellesskapet skal ikkje føra til at det på ny vert oppretta tollbarrierar mot dei tidlegare EFTA-partnarane dei-ra».

Med andre ord: Ingen tollmur mot England og Danmark endå om dei går inn i EF og vi vert ståande utanfor!

Tollutgifter ved ei handelsavtale tilsvarende den Sverige har fått: Utrekningar som framstårande økonomar har gjort syner at inntil all toll er trappa ned om 10—12 år, vil vi ved ei handelsavtale få ca. 55 mill. kroner (ca. 20 kroner pr. nordmann) meir i tollutgifter enn ved full medlemskap. Dette er ein svært låg sum

sett på bakgrunn av at

- den årlege medlemskontingenten vår til EF i 1973 vil verta ca. 248 mill. kroner. I 1978 vil han ha stige til ca. 886 mill. kroner. I 1983 vil han ha stige til ca. 1430 mill. kroner.
- ei rekke varer, som i dag vert importerte tollfritt, ved eit EF-medlemskap vert pålagde toll.
- vi ved eit EF-medlemskap vil få ein kraftig auke av matvarereprisane (for 1978 ca. 900 mill. kroner, dvs. 1000 kroner pr. husstand i Noreg). Og dette er ei utgift som ikkje vert borte på ein tolvårsperiode slik som tollen.

22. Høgare matvareprisar ved EF-medlemskap!

Eit EF-medlemskap vil få store verknader for matvareprisane.

● I dag kjøper vi eit stort kquantum mat på verdsmarknaden til relativt låge prisar. Som medlem av EF vert vi nøydde til å kjøpa denne maten frå andre EF-land, eller betala importavgifter og toll. Dette fører med seg ei **fordyring på omlag 300 mill. kroner**.

● Forbrukarsubsidiene vil måtta falla bort. Dette fører til ei **fordyring på omlag 600 mill. kroner**.

Dei **nøyaktige** verknadene av å gå inn i EF vil ha samanheng med prisnivået på verdsmarknaden. Ei utrekning som vart gjort hausten 1971 viste denne prisauken på nokre varer ved EF-medlemskap:

Konsummjølk	+ kr. 0,15
Smør	+ kr. 7,00
Ost	+ kr. 3,00
Storfekjøt	+ kr. 1,25
Sauekjøt	+ kr. 1,25
Sukker	+ kr. 1,00
Margarin	+ kr. 0,60

(alle tala i kr. pr. kg.)

Samlia utgjer dette nærmere 900 mill. kroner pr. år i auka matvarereprisar.

For ein familie som brukar kr. 250,— pr. veke til mat, vil dette seia ei **meirutgift** på omlag 1000 kroner i året.

Til samanlikning: Tillegget i toll ved ein handelsavtale i høve til full medlemskap vil verta omlag kr. 20,— pr. år for kvar nordmann i vel 10 år framover. (Dvs. omlag kr. 80,— pr. familie på 4 medlemmer.)

EF-tilhengjarane framstiller av og til tolltillegget som ein katastrofe for næringslivet. Kva skal vi då seia om meirutgifte for forbrukarane?

23. Økonomisk vekst.

EF-tilhengjarane: «Vi må inn i EF for å sikra vidare økonomisk vekst.»

Kommentar: Økonomisk vekst kan ha mange former. Karakteristisk for EF-systemet er at det er svært vanskeleg for samfunnet å avgjera kva denne veksten skal bestå av. Produksjonen av store mengder unødvendig skrot (sosialt søppel) t. d. utgjer i dag ein stor del av det som vert kalla «økonomisk vekst». Til og med pendlarane sine utgifter til transport går i dag inn i omgrepene økonomisk vekst.

Endå om ein godtek det økonomiske vekstomgrepet som til no har vore brukt, held ikkje tilhengjarane sine argument:

Kvífor må vi inn i EF for å halda oppe den økonomiske veksten vår, når vi utanfor EF har hatt ein vel så stor økonomisk framgang som EF-landa? I ein rapport til Ministerrådet teiknar **Kommisjonen** eit svært grått bilet av den økonomiske situasjonen i EF:... «Situasjonen i EF er svært lite tilfredsstillande» ... «auken i kostnader og prisar held

fram i eit svært raskt tempo, og situasjonen for sysselsetjinga er vorte verre» . . . «den økonomiske veksten vil verta lågare i 1972 enn i 1971» . . . «dersom vi skal sikra sysselsetjinga må det verta slutt på dei stadig større krava om lønsauke.» (Aftenposten 14. mars 1972.)

Kommisjonen reknar med denne økonomiske veksten i medlemslanda i 1972: Belgia og Italia 3%, Nederland 2% og Vest-Tyskland og Luxembourg berre 1,5 %. (Seinare overslag gjev Vest-Tyskland 2%, Italia 4%). Berre i Frankrike reknar ein å få høg vekst, 5%.

I Noreg var veksten i 1971 5,0% og for 1972 reknar ein med ein vekst på 4,5%. Det er heller ikkje nok å stilla spørsmålstreikn ved kva vi skal kalla «vekst». Vi må også spørja: Kven får føremonene av veksten? Er det folk flest — eller er det først og fremst dei som er rike og mektige frå før?

24. Kapitalrøming ved EF-medlemskap.

Noreg har i dag høve til å hindra kapitalrøming frå landet ved å nytta valutalova og kredittlova. Det er vi sjølv, gjennom dei politiske styresmaktene og Norges Bank, som avgjer kva norske borgarar skal gjera med pengane sine om dei skal få ta dei med seg ut or landet osb.

Romatraktaten slår fast: **Fri kapitalrørsle** over landegrensene innanfor EF-området. Dette er eitt av dei viktigaste prinsippa i heile EF-systemet. Som medlem i EF har vi difor ikkje høve til å kontrollera kapitaloverføringer **til og frå landet**.

Dette vil seia: Dersom norske kapitaleigarar finn at dei får større avkastning på pengane sine t.d. i Vest-Tyskland, står dei fritt å ta pengar ut av Noreg og investera i Vest-Tyskland.

Alt i dag kan vi lesa lysingar i Aftenposten der Noreg vert ønskt velkommen som medlem i EF. Samstundes vert norsk kapital ønskt velkommen til investeringar i Schlesvig-Holstein på gode vilkår. (Flensbourg lokkar med 25 prosent in-

vesteringstilskot og billege tomter.)

Britisk presse inneheld no støtt lysingar som tilbyr britiske kapitaleigarar å plassera pengane sine meir lønsamt i dei andre EF-landa.

Dersom bedriftseigarane finn det lønsamt å leggja ned eller å trappa ned verksemda i Noreg, kan dei fritt investera i utlandet dersom vi vert medlem i EF. **Konsekvensane for arbeidsplassane er heilt klare!**

25. «Ta del i rasjonell europeisk superproduksjon!»

Lysinga på baksida av kortet vert neppe den siste i sitt slag (Aftenposten 22. april 1972) om vi vert medlem i EF. Ho oppmodar norske bedriftseigarar til å flytta produksjonen sørover — ut or Noreg og til Tyskland.

I EF må vi innføra fri kapitalrørsle, og ingen kan lenger hindra at verksemder flyt ut or landet. Vi vil heller ikkje ha nokon garanti for at skipsfartsinntektene kjem landet til gode, dersom Roma-traktaten vert gjort gjeldande for skipsfarten. Legg merke til overskrifta på lysinga: «Vi ønsker Dem velkommen i EF!» Resten av teksten syner og at det er bedriftseigarane som vert ønskte velkomne, ikkje arbeidstakarane. Og dei som har sett inn lysinga veit kva fridom bedriftsleiarane får i EF: «De flytter ganske enkelt Deres produksjon sørover!» til «lån, skattebesparelser, investeringshjelp på opptil 25 %, meget gunstige grunnpriser og arbeidskraft.»

EF-medlemskap set arbeidsplassane i fare.

Vi ønsker Dem velkommen i EF!



Begivenhetene i Bryssel vil muliggjøre en rasjonell europeisk superproduksjon som også De kan ta del i.
Bare se på følgende tall:

Befolkning:	igår 188 mill.,	nu 255 mill.	(USA 203 mill.)
Driftseffekt:	igår 482 milliard \$,	nu 564 milliard \$	(USA 932)
Industriproduksjon:	igår 146 milliard \$,	nu 197 milliard \$	(USA 287)
Landbruksproduksjon:	igår 24,1 milliard \$,	nu 29 milliard \$	(USA 24,5)
Utenrikshandel:	igår 67,9 milliard \$,	nu 101 milliard \$	(USA 73,3 milliard \$)

De kan bli med fra første stund! De flytter ganske enkelt Deres produksjon sørover!

Kom til Schleswig — her i grenselandet mellom Skandinavia og det øvrige Europa finner De ideelle betingelser for etablering av et datterselskap eller en filial. Lån, skattebesparelser, investeringshjelp på opptil 25%, meget gunstige grunnpriser og arbeids-

kraft, kjent natur og en livsform som ligner Deres egen.

Opplysninger om videre fordeler finner De i vår brosjyre (på dansk) «Vejledning ved industri- etablering området». Rekvirer den straks fra: Wirtschaftsförderungsgesellschaft Nord mbH, D—2390 Flensburg, Mürwiker Str. 114. Tlf. 0461/3195.

26. Rentepolitikken og EF.

Skåland-utvalet vart nedsett av den norske regjeringa for å «utrede spørsmål vedrørende den økonomiske og monetære (penge-) union i de Europeiske Felleskapet». Utvalet seier i innstillinga si m. a.: «Norsk tilslutning til EF vil — med den liberalisering av kapitalbevegelsjer som allerede er gjennomført i Felleskapet — få betydelige konsekvenser for vår penge- og kredittpolitikk, herunder rentepolitikken» . . . «Rentenivået for statslån vil måtte tilpasses den alminnelige obligasjonsrente, og en lavere rente på statsbankenes utlån vil kreve rente-subsidier, f. eks. over statsbudsjettet.» (Kap. VI. 2.)

Det vanlege rentenivået i EF ligg 2—3% høgare enn i Noreg. Det er truleg at vi får ei utjamning av rentenivået. EF-medlemskap vil dermed føra til:
høgare renteutgifter for låntakarar, som til no har kunna nyta godt av den låge renta i Noreg. (Kvar og ein kan rekna ut kva ein auke av renteutgiftene på lån med 2% p.a. vil ha å seia, t.d. for husleigene.)

Det er rett som det vert hevda at husbankrenta vil kunna subsidierast. Sanningga er likevel at det i så fall vil dreia seg om svært store summar. Desse pengane vil staten på ein eller annan måte vera nøydd til å skaffa fram, mest truleg gjennom auka skattar.

Av røynsle veit vi også at Husbankrenta har ein tendens til å følgja utviklinga av det vanlege rentenivået, jfr. auken av husbankrenta frå 2,5% dei siste åra.

Dei mindre, sjølvstendige næringsdrivande bør tenkja over kva dyrare lån kan ha å seia for dei. Er det eit godt teikn at nettopp storbankane går så sterkt inn for EF? Har små, uavhengige næringsdrivande sams interesser med dei store i handel og næringsliv i EF-saka? Bør dei ikkje heller røysta nei!

Har du pengar nok til å røysta ja?

27. Ikkje tryggare arbeidsplassar ved EF-medlemskap!

Tilhøva på arbeidsmarknaden i EF i dag:
Framandarbeidarar: over 4 millionar
(medrekna vandrarar innan Fellesskapet).

Dei største «leverandørane» av framandarbeidarar er: Spania, Portugal, Hellas og Tyrkia. I november 1970 vart Tyrkia knytt til den felles arbeidsmarknaden i EF gjennom ein tilleggsprotokoll til assieringsavtala. Det er mykje truleg at slike avtaler vil verta inngått med andre ikkje-medlemsland i åra som kjem.

Arbeidsløse: over 2,4 millionar — med England som medlem: godt over 3 millionar. Regjeringa seier i marknadsmeldinga si (St.melding nr. 50) at: «Full sysselsetting kan trolig opprettholdes i Norge uansett hvilken tilknytningsform en velger til EF.» **Dette er ikkje rett.**

Som medlem av EF må vi nemleg underordna oss den felles frie arbeidsmarknaden. Det vil m.a. seia

- at i ein situasjon med stor arbeidsløyse i Europa vil denne lett kunna forplanta seg til Noreg

- at eventuelle arbeidslause i Noreg lettare vil kunna visast til andre område innan EF der det er behov for arbeidskraft t. d. Tyskland.

Dei grunnleggjande prinsippa i Romatraktaten fører til at arbeidskrafta må flyttast dit kapitalen finn det lønsamt å etablera arbeidsplassane. Dette vil seia:

- auka pendling
- auka avfolking av distrikta
- auka konsentrasjon i byar og tettstader
- auka psykisk og fysisk press.

28. EF og distriktpolitikken.

Eit av dei viktigaste argumenta mot norsk medlemskap i EF er at vi misser verkemiddel i kampen mot avfolking i utkantane og overfolking i byane (urbanisering).

Også regjeringa meinte dette så seint som 21. mai 1971, då ho la fram Stortingsmelding nr. 90. Der står det:

«Man kan likevel ikke se bort fra at en eventuell norsk tilknytning til EF — selv med tilfredsstillende ordninger for jordbruks og fiske — kan innebære en risiko for en forsterkning av urbaniserings- og konsentrasjonstendensen i Norge og også medføre økte strukturproblemer i næringslivet og at dette i tilfelle vil kunne få sosiale konsekvenser.»

Eit år seinare, våren 1972, kunne regjeringa likevel sjå bort frå dette spørsmålet. I den nye marknadsmeldinga heiter det:

«Rekjeringa deler ikke den oppfatning som er gjort gjeldende, at de problemer som springer ut av industrialiseringsprosessen, urbaniseringen og den økte mobiliteten skulle øke ved norsk medlem-

skap i EF.»

Eit nyhende av stor interesse for denne saka vart gjeve att i Dagbladet 19. juli 1972, der det m. a. heiter: «Britene fikk i går en forsmak på hva Fellesmarkedsmedlemskap vil bety. Vest-Tyskland protesterte mot de økonomiske virkemidlene britene bruker for å hjelpe industrien i utkantområder. Ifølge tyskerne er disse lovene i strid med Roma-traktaten.» . . . «De reglene i de britiske lovene som tyskerne protesterer mot, er at maskineri og fabrikkutstyr kan bli skrevet av mot skatt det første året. Tyskerne protesterer også mot regelen som gir rett til en avskrivning på opptil 40 prosent på fabrikkbygninger og statstilskudd på 22 prosent til nytt utstyr og fabrikker i særlig tilbakestående distrikter. Tyskerne hevder at de britiske lovene er i strid med felleskapets interesser.» . . . «Fellesmarkedsmotstanderne beskrev i går vest-tyskernes aksjon som den første av en serie bitre lærdommer britene vil oppleve etter at de blir medlem av Fellesmarkedet. Aksjonen viser at de har overgitt en god del av sin suverenitet til kommisjonen i Brussel.»

29. Skipsfartsinntektene kan verta borte i EF!

Skipsfarten skaffa i 1970 ca. 4,5 milliardar kr. (Netto-valutarisk) i utanlandsk valuta til økonomien vår. Vi må halda på ein samfunnsmessig kontroll over desse inntektene, som er så viktige for Noreg! Dei norske reglane for valuta- og kapitalrørsler er slik at **Norges Bank** kan halda kontroll med bruken av utanlandsk valuta. Overskotet innan skipsfarten må i dag investerast her i Noreg. Berre i den grad **Norges Bank** gjev løyve til det, kan dei investera i utlandet.

Dersom fastsetjingane i Roma-traktaten vert gjort gjeldande for skipsfarten, vil dette seia at:

1. Norske styresmakter misser retten til å hindra at overskotet vert investert i utlandet.
2. Reiarane vil få fritt tilgjenge til ei rekke tiltrekkjande investeringsalternativ i EF-landa. På grunn av at lønsnivået er lågare og at ein då vil ligge midt i den store marknaden, kan slike investeringar gjeva betre utsikt til profitt enn tilsvarende investeringar i Noreg.

Faren for kapitalrøming frå Noreg er alvorleg.

Utsiktene for at dette kan henda vert understreka av det skipsreiari Tom Wilhelm sen har sagt: . . . «Skipsfarten må ha fritt tilgjenge til å konkurrera på like viltgår med land som vi naturleg kan samanlikna oss med. Dette inneber mellom anna at vi må ha same rett til å registrera under framand flagg, og valuta, skatte- og avgiftspolitikken må ikkje gjera det vanskelegare for oss enn for konkurrentane våre.» (Aftenposten 9. juni 1972.)

Dette er bakgrunnen for den harde og pågåande EF-propagandaen frå reiarane, og ikkje «den stolte arven» dei talar om når dei sender brev til arbeidstakarane sine, deira familie og pårørande (sjå Dagbladet 20.7.72.)

Det er svært lite sannsynleg at EF skal ta til å diskriminera norsk skipsfart om vi ikkje går inn, mellom anna fordi

- EF-landa er forplikta til ikkje å driva diskriminering gjennom OECD-avtalen om skipsfart og arbeidet i «Consultative Shipping Group»,
- EF-landa har store pengeinteresser i flåtar som seglar under «bustadflagg» og som er lette å såra om dei vert diskriminerte.

30. Olja — eit norsk trumfkort ein ikkje snakkar om.

Det er vorte merkeleg stilt i EF-avisene om den norske Nordsjøoljen i det siste. Dette skjer trass i at det no er tydeleg at det vert planlagt å senda oljen i røyr til andre land, t.d. Storbritannia. (Det ser forresten ut til at vest-tyske interesser har skaffa seg ein sterk posisjon i kapitalkontrollen over Nordsjø-oljen vår.) Kvifor er det så stilt om oljen?

Årsaka er at EF har svært stor interesse av å få Noreg og Danmark med i EF nettopp fordi Nordsjø-oljen har overlag mykje å seia.

Ved å teia om dette løyner EF og dei norske EF-tilhengjarane for det norske folket ein svært viktig grunn til at Noreg vil stå sterkt overfor EF, dersom vi i staden for medlemskap ønskjer ei handelsavtale. Det er også påfallande at regjeringa enno ikkje har sagt frå om ho vil tillata at oljen vert førd i røyr til andre land i staden for Noreg.

I Industriforbundet sitt blad «Norsk Industri» for eit år sidan (nr. 9 1971) har Christian Borch ein svært interessant ar-

tikkel. Om kva olje har å seia vert det sagt: «Felleskapets siste energirapport bar tydelig bud om en alt annet enn jevn og sikker tilførsel av olje og gass i fremtiden . . .» Dessutan vert det fortalt at endå om Nordsjø-oljen berre skulle dekkja 10% av det EF treng av olje, vil ho likevel få mykje å seia for den prisen dei fattige oljeproduserande landa kan få for oljen si.

Det viser seg at EF planlegg at den norske oljen skal utviklast i eit «felles-selskap» («Joint Enterprise») oppretta av EF.

Når vi skal forhandla om ei handelsavtale, vil Nordsjø-oljen hjelpe til å styrkja oss ved tingingsbordet. Dette har det norske folket rett til å vita.

31. Treforedling: Tryggleik for arbeidstakarane er viktigast.

Treforedlingsindustrien er i dag inne i ei krise. Denne krisa skriv seg frå urasjonal produksjon på mykje gamalt utstyr. Av omsyn til arbeidsplassane må industrien vernast i denne omstellingsfasen.

EF's «frie prinsipp» gjer eit effektivt vern umogleg. Albert de Monts, generalsekretær i CEPAC, fellesorganet for skogindustrien i EF, seier om utviklinga innan EF fram til i dag: «På desse åra er ca. 300—400 treforedlingsbedrifter nedlagde som følgje av marknadsutvidinga.» (Morgenbladets uketillegg 26. april 1972.)

Utanfor EF vil dei norske styresmaktene kunna setja i verk dei tiltaka som dei finn naudsynte for å dempa uheldige utslag av omstellunga i treforedlingsnærunga. Tillegget i toll på ca. 20 mill. kr. pr. år ved ein handelsavtale i høve til fullt medlemskap kan lett kompenserast ved offentlege tiltak. Til samanlikning har nærunga betalt ca. 92 mill. kr. pr. år i avgifter til staten!

Dessutan vert heimemarknaden stadig viktigare for treforedling. Forbruket av papir og andre treforedlingsprodukt stig stadig i Noreg.

Vestfos, Greåker, Torp, Gullskogen og Follum er døme på at strukturendringane har kome nå delaust og utan samfunnskontroll. Berre samfunnsstyring av omstellinga kan tryggja arbeidsplassane og gjera endringane mindre smertefulle for den einskilde.

Denne samfunnsstyringa er det uråd å sameina med fri kapitalmarknad, fri arbeidsmarknad og lik etableringsrett, dvs. uråd å sameina med medlemskap i EF.

32. EF og aluminiumsindustrien.

Noreg produserer i dag i hovudsak rå-aluminium. Ved eit frihandelsalternativ vil nedtrappingsperioden for toll på rå-aluminium vera 7 år, og deretter vil vi ha full tollfridom. Ved fullt medlemskap vil nedtrappinga ta $4\frac{1}{2}$ år.

Med bakgrunn i det tilbodet Sverige har fått frå EF kan vi rekna ut at tillegget i toll for norsk aluminiumindustri vil verta om lag 17 mill. kr. pr. år i 7 år i medel. Samanlikna med produksjonsverdien på ca. 1 850 mill. kr. (1969) er 17 mill. kr. eit lågt tal.

Norsk aluminiumsindustri er i dag inne i ei krise, som m. a. har si årsak i

- ålmenn overproduksjon av aluminium i verda, noko som har ført til sterkt prisfall (30% prisreduksjon frå 1969 til i dag)
- relativt urasjonell produksjon (i ein del eldre anlegg).

Vi har no brukt størstedelen av dei tilgjengelege kraftressursane våre, og ålement forbruk må prioriterast når ein byggjer ut. Kraftprisen til storindustri vil venteleg verta vesentleg høgare i åra som

kjem.

Innafor EF vil denne utviklinga gå fortare — med større overgangsproblem for aluminiumsindustrien. Utanfor EF vil det vera opp til norske styresmakter å fastsetja kraftprisane og dermed påverka industrien si konkurranseevne.

I aluminium — som i annan industri — ønskjer Noreg å satsa på vidareforedling. Frå industrien sine eigne leiarar vert det ofte hevda at dersom Noreg skal kunna byggja ut ein vidareforedlingsindustri, må vi ha tollfritt tilgjenge til eit utvida EF.

Dette vil vi oppnå ved ei frihandelsavtale.
— det er inga ekstra overgangstid for foredla aluminium.

Anlegga for vidareforedling er til no i stor grad vortne plassert nær dei store marknadene i USA og Europa. Dersom Noreg går inn i EF, vil norske styresmakter ha lite eller ikkje noko høve til å hindra at dei utanlandske eigarinteresene, som dominerer i norsk aluminiumsindustri, legg produksjonen til kontinentet.

33. Jordbruket og EF.

Jordbruket har særskilt mykje å seia

- for busettningen i distrikta
- for eit variert næringsliv
- for matvareproduksjonen i ei verd der $\frac{2}{3}$ av folket svelt
- for natur- og miljøvern.

Kan norsk jordbruk halda oppe ein slik funksjon ved eit EF-medlemskap?

Næringa sine eigne folk meiner nei! (Jfr. Bondelaget si urnerøysting med 92,4% motstand og Bonde- og småbrukarlaget sitt årsmøte med 70% mot og 10% for.)

Mansholt-planen — EF sin eigen jordbrukspolitikk — stemmer med den økonomiske politikken elles i EF:

Ein prioriterer høgt spesialisert stordriftsproduksjon, ein førtidspensjoneringar bønder, legg brakk store såkalla «urasjonelle» område, og ein rasjonaliserer gjennom ein beinhard prispolitikk (som m.a. førde til at mange tusen bønder marsjerte i protest gjennom gatene i Brüssel).

Jordbruksprotokollen vår med EF er ikkje ein god nok garanti for å verna om

jordbruksverket vårt!

Endå om vi skulle få høve til å nytta mjølkesubsidiar, vil dette likevel ikkje gje noko vesentleg vern om jordbruksverket vårt. Når kornordninga fell bort, vil kornprodusentane i stor grad gå over til mjølkeproduksjon. Med store, moderne fjøs nær marknadene, er det klart at dei kjem til å konkurrera ut bønder med mindre fjøs på bruk som ligg mindre lagleg til.

For hagebruksverket er det ingen «særordningar». Hagebruksverket vil såleis stå utan noko slags vern om 5 år.

34. Fiskeria og EF.

Tidlegare fiskeriminister Knut Hoem: . . .

«De politiske forsikringer som ligger i særprotokollen (om fiskeriene) og den erklæringen som ble gitt fra vår side, finner jeg ikke tilstrekkelig betryggende. Dette innebærer etter min mening en så vesentlig svakhet at jeg av den grunn ikke finner å kunne stemme for undertegning av forhandlingsresultatet.» (Brev til statsminister Brattelig, dagsett 19. januar 1972.)

EF-tilhengjaren, professor i fiskeriøkonomi, Gerhard M. Gerhardsen: «Vi vet ikke hva fremtiden vil bringe. Derfor kan man ikke si om avtalen er heldig eller uheldig for Norge etter 1982.» (Aftenposten 18. januar 1972.)

Tingingane i Brüssel viste at dei norske tingarane måtte dra seg attende frå skanse til skanse:

1. Kravet om nasjonal fiskeripolitikk vart gjeve opp
2. kravet om at den like etableringsretten ikkje skulle gjelda fiskeria vart gjeve opp

3. kravet om udelt grense vart gjeve opp
4. kravet om rett til grense på 50 mil
med einerett for norske fiskarar vart
gjeve opp.

Til sist sat ein att med ei sterkt amputert
ordning som skal vara i 10 år, utan noko
tryggleik for kva som vil henda i 1982.

Det vi veit er at:

1. i 1982 må det haldast nye fiskeritiningar. Det utgangspunktet Noreg vil ha
for tingingar i 1982 vil neppe vera betre
enn i dag.

2. Det kan henda at Noreg vil kunna
leggja ned veto mot ei altfor ugunstig
ordning i 1982. I og med at den ordnin-
ga ein har hatt til då ikkje vil gjelda
lenger, er det høgst truleg at EF sin eigen
fiskeriforordning vert gjort gjeldande,
dvs. full fiskerett for fiskarar frå alle
medlemslanda.

35. Fiskerigrensa og råstoffgrunnlaget for fiskeria våre.

Fleire og fleire vert no klar over at det er vernet om råstoffgrunnlaget som er den vesentlege oppgåva og det store problemet for fisket i framtida.

Takka vere at vi for nokre år sidan fekk gjennomført ei 12-milsgrense — etter hard strid mellom anna med fleire av våre eventuelle EF-partnarar — har vi nådd merkbare resultat når det gjeld **forvaltinga av fiskeressursane**.

Mykje tyder likevel på at skal vi kunna ta vare på ressursane på ein tilfredsstilande måte i framtida, må kontrollen vera effektiv også utanfor 12 mil. (12 nautiske mil, dvs. ca. 22 km.)

Her ligg det i dag ei stor samling av hypermoderne trålarar, i første rekkje frå Sovjet, Aust-Tyskland og Polen.

Island har teke konsekvensen av dette og har proklamert ei utviding av grensa til 50 mil. Ei rekkje latinamerikanske land praktiserer 200 mils grense. Utvidinga av fiskerigrensa vil om ikkje så lenge verta teken opp av FN nettopp for

å verna om ressursane i havet på ein trygg måte.

Eit rovfiske som medfører at råstoffgrunnlaget vert øydelagt vil vera katastrofalt for folkesetnaden langs kysten. Gjennom ein effektiv kontroll ut til 50 mil vil vi kanskje kunna hindra dette. På denne bakgrunnen er EF-medlemskap på dei oppnådde vilkåra kortsynt og uansvarleg politikk. Vi vil ikkje seinare kunna utvida fiskerigrensa med einerett for norske fiskarar — om vi seinare finn at det er naudsynt.

36. Kjem Europa-hæren i 1980-åra?

Den vest-tyske utanriksminister Walter Scheel: . . . «EF er enno ikkje vakse godt nok saman politisk til å kunna arbeida for ein felles forsvarspolitikk. Etter alt å døma vil dette spørsmålet koma som siste lekk i den politiske einskapen.» (Pressekonferanse 21. januar 1972.)

Forbundskanslar Willy Brandt: . . . «Når det politiske samarbeidet mellom EF-landa utviklar seg, er det naturleg at desse landa også rykkjer nærare saman når det gjeld forsvaret.» (Pressekonferanse 8. februar 1972.) På spørsmål om det i 1980 vil finnast EF-soldatar: . . . «Det kan sjølvsagt henda.» (Intervju i tysk fjernsyn 6. februar 1972.)

Tidlegare formann i EF-kommisjonen — Walter Hallstein — også kalla EFs far: . . . «Kva skal den politiske unionen omfatta? Det ser ut som alle som hyller grunntanken i den politiske einskapen har akseptert forsvars- og utanrikspolitikk» . . . «Ein bør snarast koma fram til europeisk semje om den gruppa som skal ta seg av atomvåpenplanleggjingga og

liknande organ. Det skulle kunna verta innleiinga til eit felles generalstabarbeid.» (I boka hans: EF og det nye Europa.)

Statsminister Edward Heath: . . . «Det er ikkje til å koma unna at steg fram imot ein felles utanrikspolitikk vil verta følgt av eit auka samarbeid om forsvaret. Dette er ei plikt, diktert av den ære og stilling Europa har.»

Er VI budde på å vera med å skipa ein ny superstat, eller er det kanskje nok supermakter i verda som det er?

Er VI budde på å vera med i ein EF-hær i 1985?

Er VI samde i at ei atomvåpengruppe kan vera innleiinga til ein felles generalstab?

37. EF-tilhengjarane samarbeider med utanlandske politikarar i den norske valkampen.

EF-tilhengjarane nyttar no ut den tiltrua nordmenn har til at utanlandske politikarar «står utanfor», og difor uttalar seg nøytralt om norsk politikk. Dei får utlendingar som har interesse av at Noreg går inn i EF til å koma med «skreddarsydde» utsegner for å påverka oss til å røysta «ja»:

- **anten** ved å smigra oss med kor mykje vi har å seia for Europa og verda,
- **eller** ved å truga oss med ulike former for straff og elende om vi ikkje gjer som EF ønskjer.

Formannen i EF-kommisjonen, Sicco Mansholt, vart nyleg beden til Noreg. På pressekonferansen 29. juni støtta han EF-tilhengjarane det han kunne, slik «Nationen» spådde alt 28. juni: «Treholt har tinga lovnad om framleis å få ha prissubsidiar.»

Dessutan kom Mansholt med trugsmål: «... det vil verta ein heilt ny tingings-situasjon dersom t.d. Danmark vert full medlem, men ikkje Noreg. Og eventuelle

nye tingingar vert ikkje lette, dei vil krevja lang tid, og eg trur heller ikkje at resultata vert særleg gunstige for Noreg.» (Aftenposten 30. juni 1972.)

Dette er eit vanleg og billeg tingarknep. Sjølvsagt vil ikkje Noreg få dårlegare tilbod enn Sverige no har fått. Det uvanlege ligg i at EF-tilhengjarane samarbeider med utanlandske politikarar om å truga det norske folket med straff dersom vi ikkje gjer som dei seier. Den nøkterne og akta franske avisa «Le Monde» gjer i nummeret sitt for 23. og 24. juli 1972 eit heilt anna bilet, og går ut frå som sikkert at det ikkje vert tale om å gje noko EFTA-land dårlege vilkår.

Endå eit døme ga Halfdan Hegtun i Europarådet i fjar, då han sa til europeiske politikarar at dei ikkje burde snakka så mykje om unionsplanane: «Eg er redd for at dersom vi for sterkt understrekar siktemålet til denne rapporten (EFs Werner-rapport) på det noverande stadiet, vil det kunne gjera det både politisk og psykologisk vanskelig å oppnå den utvidinga av Fellesskapet som no bør vera det vesentlege målet.» (Omsetjing av det offisielle referatet frå møtet 27. januar 1971.)

38. Pressekontaktar i trumål og fabrikerte lesarinnlegg.

Dagbladet 26.7.72.


«Ja til EF»-aksjonen forsøker nå å bygge ut et nett av egne pressekontakter i de avisar som har tatt standpunkt før norsk EF-medlemskap. I et skriv til de aktuelle avisredaktører understreker informasjonsleder John Inge Valestrand at det dreier seg om et fortrolig samarbeid og at planene følgelig må behandles fortrolig.»

«Si JA til EF»-aksjonen (Ja-aksjonen) hevdar at det er vanleg at journalistar tar på seg å vere meldarar for andre enn hovudarbeidsgjevaren. Men som Dagbladet peikar på, det er det at JA-aksjonen strekar under at arbeidet skal skje i trumål, som er det alvorlege ved saka.

Grunnen til at folk ikkje bør vite om dette samarbeidet, kjem klart fram når ein les vidare i skrivet. Det syner seg at JA-aksjonen har planer om å organisere «lesarinnlegg» for medlemskap, som pressekontaktane skal ta seg av. Det blir sagt at ein god del Ja-folk kjenner det slik at dei ikkje kan formulere syns-

punkta sine skriftleg. «Våre kontakter bør kunne hjelpe dem til å få gitt uttrykk for sitt syn i avisinnlegg gjennom å formulere innleggene for dem,» heiter det i JA-skrivet.

Norske avislesarar har etter kvart lært seg til å sjå med skepsis jamvel på nyhendestoff kring EF-saka. Dei veit at utvalet av meldingane er sterkt farga. Til no har lesarane likevel kunna gå ut frå at eit lesarinnlegg er skrive av underskrivaren. Eit rimeleg krav er derfor at det i ein «hale» til innlegget blir opplyst om det er underskrivaren eller Ja-aksjonen som har skrive det.



39. Nedrakking av EF-motstandarar.

EF-tilhengjarane nyttar no den overmaka-
ta dei har i pressa og andre massemedia
til å kasta skit på EF-motstandarane. Dei
brukar Haakon Lie til å rakka ned på
ungdomen og spreia villeiande tal om
meiningsmålinga. Unge Høgre påstår
at lagerlokalet deira i Oslo er ramponert,
men vil ikkje melda saka til politiet.
Derimot spreier Unge Høgre gjerne skul-
dingane sine i pressa, som villig er med
på å drive hets mot EF-motstandarane.

Ein ny topp når det gjeld sjofle skuldingar mot Folkerørsla finn vi i eit lesarinnlegg (Dagbladet 19.7.72), der Stein An-
derson hevdar at han har møtt «repre-
sentantar for Folkerørsla mot EF» som
han meiner har vore påverka av narko-
tika. Deretter gjer han raskt denne på-
standen (som ikkje er prova) til typisk
for EF-motstandarane, og sluttar med å
seia: «Man må bare se i øynene, at denne
gruppa vil få ganske stort spillerom hvis
Norge ikke går inn i EF. Da skal det nok
bli hyggelig her i landet.»

Ikkje berre einskildpersonar, men også

EF-avisene brukar skjellsord om motstandarane, dvs. fleirtalet av dei som har teke standpunkt: **EF-tilhengjarane viser «tillit til EF», men skjeller ut det norske folket.**

Det kjem mange rapportar om ramput framferd frå EF-tilhengjarane si side. Det vert ikkje rekna som «godt stoff» for avisene, då det no er om å gjera for EF-tilhengjarane å stempla oss som er motstandarar som: — ekstremistar, narkomanar, austvende politikarar, isolasjonistar, snevre egoistar, alkoholikarar, kortsynte nasjonalistar, langhåra, skitne studentar, værhanar, moglege landssvikarar osb. Kva for ein av desse merkelappane trur du EF-tilhengjarane no brukar om deg?

Vi må ikkje la oss påvirka til å bruka den slags nedrakking sjølve!

40. Eit av hovudargumenta til EF-tilhengjarane.

Vi er no vitne til ein av dei verste skitkastings-kampanjar i norsk pressehistorie. Lesarinnlegg med uprova skuldingar mot EF-motstandarar dukkar opp. Deretter blir leiarartiklane skrivne som om lesarinnlegga skulle vore sanne. Eit typisk sitat kan vi hente frå eit innlegg av Einar Arnesen i Aftenposten 31.7.72:

«Ja, de unnsær seg ikke for pøbelstreker med tilgrising av kirker, hærverk på biler og forulemping av folk som bærer JA-merket. Selv Sverige sjokkeres over fremgangsmåten.»

Be dei EF-tilhengjarane som hevdar slikt om å namngje nokon felles kjente som er EF-motstandarar og oppfører seg på denne måten! Då vil du oppdage at det alltid har hendt «nokon annan», «ein annan stad» osv.

Bildebladet «NÅ» illustrerer dette (nr. 31, 29. juli 1972) i en leiarartikkkel: «Bileiere vi kjenner har fortalt: — Vi skulle gjerne kjøre med EF-merke på bilen. Men nå i ferietiden — det er vanskelig med verksteder. Jeg skal på ferie snart. De har

jo truet med å knuse alle ruter med slike JA-merker.» Deretter fortsetter bladet: «Vi har ikke hørt om noen knust rute ennå, og håper vi slipper å høre om det.» — og angriper så EF-motstanderne for «terror»!

Vi bør ikkje vere med på denne skit-kastinga. Men som eit svar på slike åtak kan vi t. d. sitere dette frå eit innlegg av Øystein Søbye i Dagbladet (27. juli 1972) :

«En dag jeg var på vei til skolen ble jeg oppmerksom på noen ungdommer som var i ferd med å rive ned noen anti EEC-plakater som jeg personlig hadde satt opp. Jeg gikk da bort til dem og ba dem holde opp og heller vise sin mening på en bedre måte. Da kom den eldste bort til meg (gutten har for øvrig «anstendig» hår, er medlem i Unge Høyre og er en lovende hopper som ofte blir nevnt i lokalavisen) og brølte meg rett opp i ansiktet: «Kyss deg i ræva din jævla kommunist.» For sikkerhets skyld dyttet han meg ned i renna før han og de andre forsvant på noen mopeder.»

11 råd til EF-motstandarar

- 1: Stå ope fram som motstandar!
- 2: Knyt kontakt med andre motstandarar!
- 3: Ver villig til å ta eit tak med i motstandsarbeidet!
- 4: Få andre med i praktisk arbeid!
- 5: Skaff deg pålitande opplysningar!
- 6: Stol på di eiga dømmekraft!
- 7: Du har særleg ansvar for å informera dine nærmaste i familien, mellom arbeidskameratar og i venekrinsen! Ikkje gløy m dei som vanlegvis er lite interesserte i politikk!
- 8: Vis at du kjenner argumenta til tilhengjarane når du forklarer kvifor du er motstandar!
- 9: Vis vørtnad for dei du ønskjer å overtyda!
- 10: Ikkje la tilhengjarane skapa splitting og otte!
- 11: Vi skal vinna!

Arbeidernes Ungdomsfylking. Norges Bygdeungdomslag. Kommunistisk Ungdom. Norges Godtemplar Ungdomsforbund. Kristelig Folkepartis ungdom. Norges Unge Venstre. Noregs Mållag. Sosialistisk Folkepartis Ungdom. Noregs Ungdomslag. Senterungdommens Landsforbund.